
Samfunnsdel til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn

Høyringsinnspel frå Fjord Base Gruppen

Oppsummering

Fjord Base Gruppen meiner tilrådinga til ny areal- og planstrategi for samfunnsdelen av kommuneplanen 2024- 2036 i Kinn balanserer ulike omsyn og gjer gode avvegingar mellom dilemma ein står ovanfor knytt til næringslivet sitt behov for omstilling og utvikling.

Høyringfråsegna våre tek føre seg sentrale punkta i tilrådinga til ny areal og planstrategi:

- Fjord Base Gruppen støttar det overordna målet om at «arealbruken skal vere berekraftig og gjere kommunen attraktiv å besøke, bu og drive næring i». Fjord Base er allereie i dag ein viktig faktor for busetnad, stabile arbeidsplassar og skatteinntekter for Kinn kommune. Dei 63 verksemdene på Fjord Base utgjer den største klynga av privat næringsliv i Kinn kommune, med til saman sine 643 tilsette. 15 prosent av årlege verdiskapinga i privat sektor i Kinn kommune skjer i verksemdene på forsyningsbasen. Vi har ambisjonar om å skape enda fleire arbeidsplassar og lokal aktivitet knytt til grønne næringar, basert på våre komparative fortrinn.
- Vi støttar prinsippet om samlokalisering, og tilrår at kommunen sin arealstrategi, prioritere mogelege arealutvidingar for å sikre at eksisterande verksemder kan utvikle og omstille seg inn i det grønne skiftet, noko som sikar at vi opprettheld arbeidsplassar for verksemder i omstillingar.
- Fjord Base Gruppen støttar fortetting og utnytting av eksisterande areal, og dette er allereie ein del av Fjord Base Gruppen og verksemder generelt sine optimaliseringar av verdiskaping. Omsynet til arbeidstakarar si helse og tryggleik og omsynet til klima/miljø, må også takast med i vurderinga av utnyttingsgraden av eksisterande areal.
- Fjord Base Gruppen støttar tilrådinga til formulering av areal og planstrategien sitt punkt 11, med overordna mål om arealnøytralitet og den nødvendige fleksibilitet som er viktig for at verksemder skal kunne oppretthalde dagens arbeidsplassar og for å kunne omstille og utvikle seg.

Innleiing

Kinn kommune skal gjennomføre eit stort, viktig og naudsynt arbeid med kommuneplanen for 2024-2036. Mange interesser skal vegast mot kvarandre, og mange omsyn skal takast i utforminga av ein endeleg plan.

Fjord Base Gruppen ynskjer å bidra konstruktivt i det arbeidet kommunen skal stå for. Vi vil leggja særskild vekt på næringsinteresser, stabile og langsiktige arbeidsplassar og utvikling av eit grønare næringsliv i kommunen.

Våre konkrete innspel rettar seg i hovudsak mot areal- og planstrategien, der vi kjem til å kommentere punktvis på det som er mest sentralt for verksemda vår. Vi adresserer også bakgrunn og mål knytt til samfunnsdelen.

Fjord Base i dag og i framtida

Verksemdene på Fjord Base sitt område utgjer den største klynga av privat næringsliv i Kinn kommune. Gjennom snart 40 år har Fjord Base Gruppen utvikla forsyningsbasen, hamna og logistikk-løysingar, til å bli eit viktig logistikk-knutepunkt mellom sjø og land. Med Equinor sitt europeiske OCTG-lager, er det utvikla ei unik klynge for røyrhandtering.

Fjord Base er allereie i dag ein viktig faktor for busetnad, stabile arbeidsplassar og skatteinntekter for Kinn. Ei ringverknadsanalyse som Ernst & Young gjorde for Fjord Base i fjor haust, synte at det på dette tidspunktet opererte 63 verksemdar med 643 tilsette på forsyningsbasen. Totalt omsette verksemdene årleg for 3,2 milliardar kroner, og dette ga ei verdiskaping på 1,34 milliard kroner årleg. Det utgjer 15 prosent av verdiskapinga i privat sektor i Kinn.

Vi har ambisjonar om å skape enda fleire arbeidsplassar og lokal aktivitet, og at mykje av dette skal vere knytt til grønne næringar og grøn industri. Sjølv meiner vi at vi er eit døme på det kommunen sjølv skriv i sin planstrategi som kjenneteiknar kommunen:

«Kinn kommune søkjer mot beste praksis i all utvikling. Vi er i front og er saman om å byggje ein kultur for innovasjon og omstilling. Endring krev mot og handlekraft. Gjennom generasjonar har mentaliteten langs kysten vore at ein tør å satse, og at vi faktisk endrar praksis når det krevst.»

Grøn region Vestland, eit initiativ frå Vestland Fylkeskommune og Innovasjon Norge, har utpeika Fjord Base som ein grøn hub og karakteriserer Fjord Base til å ligge lengst framme i den grønne omstillinga, med potensiale for å skape nye og spennande arbeidsplassar knytt til etablering av sirkulære verdikjeder i hub'en og mellom dei grønne hub'ane. Planane om nye grønne næringar på Fjord Base skal på sikt gradvis ta oss over frå næringar basert på fossile energikjelder til berekraftige næringar basert på fornybare energikjelder, og slik sikre arbeidsplassar og verdiskaping for framtida. Tempoet på omstillinga til nye grønne næringar og korleis overgangsfasen blir med parallell handtering av eksisterande og nye næringar er styrt av mange ulike faktorar som Fjord Base Gruppen ikkje rår over. Planane viser at olje og gassnæringa vil halde fram på dagens nivå eller faktisk noko aukande i kommande ti års periode, samstundes som planane for havvind på britisk og norsk sokkel tilseier gradvis aukande aktivitet frå 2025 og framover.

Når kommunen skal planleggja for framtida er det difor viktig at ein tenkjer langsiktig og gjer det på ein måte som gjev rom for ei utvikling der ein ikkje i dag kjenner alle svara. Vi trur det ein føresetnad for å lukkast at både kommunen sjølv, næringsaktørar og alle andre tek innover seg at vi ikkje veit alt om moglegheitene og utfordringane som vil kome. Då må vi planlegge på måtar som gjev rom for fleksibilitet slik at Kinn kan realisere ei grøn industriutvikling som vi per i dag ikkje kjenner det fulle omfanget av.

Generelle kommentarar

Fjord Base Gruppen vil gje honnør til Kinn kommune for arbeidet med og framlegget til ny samfunnsdel. Det gjev ei god oppsummering av dagens situasjon med ei balansert framstilling av både moglegheiter og utfordringar ein må planlegge for; aukande omsorgsbehov for ei aldrande befolkning og eit fall i befolkningsutviklinga gjev eit krevjande framtidsbilette. Samstundes er det gledeleg at kommunen er klar

på at eit sterkt og aktivt næringsliv er viktige verkemiddel for å motverke lågare folketal og for å kunne skape ny vekst og aktivitet i kystsamfunnet. Omstilling er utfordrande, men kan og skape nye moglegheiter for ei kommune med ei rekkje naturgitte føresetnader innan havbruk, fiskeri, maritimt tilknytte verksemdar og med nærleik til ressursar på kontinentalsokkelen.

Fjord Base er og skal vere ein viktig samfunnsaktør i og for lokalsamfunnet vårt. Går det bra for Fjord Base, går det bra for Kinn. Det er ei symbiose vi kjenner det største alvor og ansvar for skal vere livskraftig også i framtida. Vi skal bidra til vekst og utvikling for samfunnet og bedriftene på forsyningsbasen, men vi skal og ta generasjonsperspektivet med oss når vi gjer val som får verknader for morgondagens generasjonar.

Fjord Base har alltid vore ein viktig aktør for forsyning til norsk petroleumsindustri, og ekspertisen og infrastrukturen på forsyningsbasen vil gje viktige bidrag til for å oppnå krav til effektivisering og redusert klimaavtrykk, noko som vil forlenga verksemd på norsk sokkel.

Den infrastrukturen som er etablert for dagens offshoreaktivitetar, gjev Fjord Base komparative fordelar inn i nye offshore-aktivitetar på norsk og britisk sokkel, og basen har ei gunstig plassering i høve til både skipsleia og offshore-felt. Vi har også brei og lang erfaring i handtering av store industrielle installasjonar. Alt dette er konkurransefortrinn for lokalisering av nye offshore-aktivitetar på Fjord Base.

Maritim næring står for ein stor del av klimautslepp, og Fjord Base ligg langt framme for å tilby grønne drivstoff til denne næringa og for industrielt bruk.

Gjennom samarbeid med Grøn region Vestland arbeider Fjord Base med å bygge ein verdsløiande Grøn Hub, som kan lukkast raskare med grøn omstilling, mellom anna basert på industriell symbiose innan klynga Fjord Base utgjer. For å lukkast i framtida er det særskilt viktig at vi har dei rette rammevilkåra for å utvikle infrastruktur for havvind og grønne drivstoff for de-karbonisering av maritim transport.

Skal Fjord Base og Kinn Kommune kunne fortsette å ta del i verdiskapinga er en særleg avhengig av to faktorar:

- 1) Ein må omstille petroleumsaktiviteten til å ha så lavt klimaavtrykk som mogleg.
- 2) Ein må legge til rette for nye næringar, som på sikt skal erstatte arbeidsplassar og verdiskapinga knytt til petroleumsindustrien.

Kommunen må difor vere bevisst på ikkje å leggje føringar i arbeidet med ny samfunns- og arealdel no, som seinare kan avgrense utnyttinga av dei fortrinn kystsamfunnet i Kinn har inn mot eksisterande og nye næringar. Tidsperspektivet for planverket er langt inn i ei framtid som vi ennå ikkje kjenner rekkevidda av. Det betyr også at ein må gjere avvegingar på detaljnivå og samstundes sikre handlingsrom til å nytte dei moglegheitene som desse næringane kan gje i eit lengre framtidsperspektiv.

3.1 Areal- og planstrategi

Fjord Base vil peike på at kommunen har gjeve kloke tilrådingar, basert på at «*arealbruken skal vere berekraftig og gjere kommunen attraktiv å besøke, bu og drive næring i*», noko vi støttar som ein heilskapleg arealpolitikk i framtida. Vi merker oss nokre punkter i forslag til arealstrategi som vi meiner vitnar om stor grad av samanfallande interesser mellom kommunen og basens framtidsplanar.

Fjordbase vil knytte kommentarar til følgande punkter frå forslag til Arealstrategi (markert i kursiv):

1. Vi skal styrke senter i lokalsamfunna. Viktige offentlege og daglege funksjoner bør samlokaliseras der og ikkje spreiaast utover.

Kommentar: Fjord Base har 63 bedrifter og 643 fast tilsette på base-området, i tillegg til alle eksterne arbeidstakarar som kjem hit frå andre verksemdar. Når ein skal gjere opp arealrekneskapet for kommunen er denne samlinga og sentraliseringa av arbeidsplassar og verksemdar noko som bør vektleggast tungt når tiltak og planar knytt til Fjord Base skal vurderast opp mot nyetableringar på andre område.

Vi tilrår at kommunen sin arealstrategi, prioritere mogelege arealutvidingar for å sikre at eksisterande verksemdar kan utvikle og omstille seg inn i det grønne skiftet, noko som sikar at vi opprettheld arbeidsplassar for verksemdar i omstillingar.

2. Vi vil legge stor vekt på betre utnytting og fortetting i allereie utbygde område.

Kommentar: Industriområdet Fjord Base har i dag 1.500.000 kvadratmeter industriareal og er Noregs største forsyningsbase for logistikk og forsyning. På industriområdet er det allereie tilrettelagt for infrastruktur i form av kaiar, vegar, oppstillingsplassar for kranar og maskinpark, energiforsyning, fiber, VA og liknande som kan utnyttast og handtere et større, framtidig omfang av industri- og hamneaktivitetar. Ved å utnytte eksisterande infrastruktur, personell og maskinpark m.m. kan ein vidareutvikle basen på ein meir skånsam og kostnadseffektiv måte, ved at nytt areal blir fullt utnytta til ny aktivitet.

Gjennom dei siste 40 åra har basen kontinuerleg utvikla seg med nye og innovative tenester ein ikkje såg føre seg ved oppstart. Det har ein delvis oppnådd gjennom godt samarbeid med dei politiske miljøa lokalt og regionalt, gjennom tolmodig, langsiktig og strategisk satsing og utvikling, og gjennom kontinuerleg forbetring av drifta. Slik ynskjer vi også arbeide i framtida.

Havvind er døme på eit område som vil kunne gje betydeleg vekst i verksemdar, arbeids-plassar og verdiskaping. Infrastrukturen som trengst er formidabel, og per i dag er det berre eit fåtal stader, i tillegg til Fjord Base og Florø-miljøet, som har tilgang på kapital, tilgang på kompetent arbeidsstyrke og tilgang til infrastruktur/areal som er nødvendig for å kunne leverer det som trengst for at montasje av vindturbinar skal skje i Norge.

Utviding av basens areal, kombinert med fortetting på eksisterande areal, gjer det mogleg for Kinn kommune å nyte godt av den norske havvindsatsinga, med relativt små naturinngrep målt mot alternative lokaliseringar langs norske kysten. Dette må vektleggast når kommunen oppdaterer samfunnsdelen til kommuneplanen, med den tilhøyrande areal- og planstrategien. Det betyr mellom anna å halde på dei områda som i dag allereie er avsette til industriområde, som til dømes Grønenga.

5. Vi skal ha ein arealpolitikk som sikrar kommunen sitt nærings-, sysselsettings- og verdiskapingsgrunnlag

Kommentar: Skal arealpolitikken sikre eit tilstrekkeleg grunnlag for utvikling av eksisterande næringsverksemdar, må det vere rom for utvidingar og utvikling av

omkringliggende areal i overordna plan. Der det allereie er betydeleg verksemd knyt til industri, må ein sørgja for å ikkje låse verksemda inne ved at omkringliggende areal vert bandlagde på måtar som hindrar seinare utviding ved rullering av planverket.

Inntektene frå petroleumssektoren er avgjerande for å ha eit økonomisk handlingsrom for omstilling til nye næringar. Omstillinga ved Fjord Base er allereie i gang, men vil skje over tid og petroleumsverksemd vil være en sentral del av basens aktivitet i mange tiår til sjølv om aktiviteten på norsk sokkel gradvis vert redusert.

Som eit ledd i denne omstillinga vil ein redusere det samla klimaavtrykket og effektivisere dagens aktivitet. Det gjev rom for arealeffektivisering innanfor eksisterande areal, men det vil ved nokre høve kunne skape eit dilemma der arealbruk og effektivitet blir sett opp mot kvarandre.

Det er mange faktorar som spelar inn på utnyttingsgraden av areal. For Fjord Base Gruppen har omsynet til arbeidstakarar si helse og tryggleik første prioritet, og utforming og bruken av arealet vil reflektere dette. Omsynet til klima og miljø vil også spele inn på utforming og utnytting av areal. I logistikkbransjen handlar det om å bruke minst mogeleg energi: Om ein stablar meir material i høgda, kan ein redusere areal. Samstundes vil dette krevje både meir energi og ta lengre tid når ein skal handtere materialet. Eit anna ledd i omstillinga er overgangen frå fossil til fornybar energi. Det er eit kjent forhold og dilemma at utvikling og utnytting av fornybar energi er mykje meir arealkrevjande enn utvikling og utnytting av fossil energi. Det grøne skiftet har derfor eit grunnleggande behov for auka areal. I ein mellomfase i det grøne skiftet vil derfor Fjord Base parallelt måtte serve petroleumsindustrien og samstundes utvikle nytt areal og infrastruktur for å serve fornybare næringar og forsyning av grøne drivstoff.

11. Av omsyn til klima og naturmangfald er målet arealnøytralitet. Vi skal føre eit arealrekneskap, gjenbruka bygg og næringsareal og tilbakeføre ubrukt areal til natur. Prinsippet om arealnøytralitet kan avvikast for næringsområde der det kan dokumenterast at slik arealbruk sikrar verdiskaping, arbeidsplassar og omstillingsdyktigheit. Vi tek ansvar for naturen gjennom arealnøytralitet så langt som mogleg, og tek m.a. vare på matjorda vår.

Kommentar: Fjord Base Gruppen støttar tilrådinga til formulering av areal og planstrategien sitt punkt 11, som sikrar den nødvendige fleksibiliteten som omtalt ovanfor og for å sikre god utnytting av eksisterande areal før eventuell skånsam utbygging av nytt areal for næring. Langsiktig og føreseielege rammer er viktig for at verksemdar skal kunne oppretthalde dagens arbeidsplassar og for å kunne omstille og utvikle seg. Og særskilt gjeld dette for verksemdar som utviklar infrastruktur. Planen gjeld for kommande 12 års periode, mens infrastrukturen Fjord Base utviklar skal vare i fleire tiår. I tillegg til det langsiktige, er det viktig at areal- og planstrategien gjev den nødvendige fleksibilitet for å ta høgde for den utviklinga som måtte komme framover og som vi berre ser konturane av i dag.

Nedbygging av urørt natur er ein realitet som alle kommunar må forhalda seg til ved rullering av arealplanar. Fjord Base Gruppen meiner- og støttar tilrådinga om meir fortetting og utnytting av eksisterande areal, for å kunne innfri på naturmål i ny arealpolitikk. Samstundes er det grunn til å understreke at eit arealregnskap og må ta omsyn til naturverdiar, ikkje berre areal. Eit areal med låg naturverdi må difor ha ein annan verdi målt opp mot alternativ bruk enn eit areal med høgare naturverdi.

I ein arealrekneskap må ein også ta omsyn til dei arealformål som er etablert for allereie avsett areal, då desse er bandlagte areal som ennå ikkje er tatt fullt ut i bruk.

Skal Kinn kommunen legge til rette for nye næringar i sameksistens med eksisterande, krev dette tilgang til nokre nye næringsareal, slik det er gjort greie for ovanfor. Eit kjenneteikn for næringsutvikling innanfor nye satsingsområde, er at måla er i bevegelse, styrt av mange faktorar utanfor vår eiga kontroll. Som eit døme; Kor tid behov oppstår, kan vere avhengig av nasjonal, politisk styring og/eller marknadsutviklinga. Og like eins: kva løysingar ein vel, kan verte bestemt av teknologiutviklinga. Difor kan Fjord Base sine framtidige behov best ivaretakast ved at det på dette stadiet innarbeidast meir generelle føringar og prinsipp for arealutviklinga i kommunen, framfor innskrenkande krav basert på korleis ein i dag legg til grunn at framtida vil verte. Kommunen vil uansett ha ein moglegheit til å skjerpe føringane i ein eventuell framtidig reguleringsprosess for ein verksemd eller eit arealbruk i kommunen.